

Monica Nord-Varhaug
Signy Refsnes
Stig Hobberstad
Ellen Marie Stokka
Elin Bjørheim
Trine Tengesdal
Tron-Arild Grødem

Nærbø 21.02.2023

Forfall: Mari Kristiansdottir

Referat frå FAU møte 21.02.2023.

01/23 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkallinga og sakslista godkjent utan merknader.

02/23 Godkjenning av referatet frå møtet 06.12.2022.

Referatet godkjent utan merknader.

03/23 Generell informasjon.

- 2 studentgrupper x 4 elevar.
Praksislærarar er: Arne Kristian Helgøy og Kristine Pedersen
- Eksamen for 10.trinn. Både munnleg og skriftleg.

Skriftleg:

Matematikk

Engelsk

Norsk. Hovudmål og sidemål

Munnleg:

Ein kan koma opp i alle fag – utanom dei praktisk estetiske. Prøven skal vara i opp til 30 minutt.

Nytt av året er at elevane som kjem opp i matematikk og naturfag kjem opp i «Munnleg praktisk» Prøven der kan vara i opp til 45 minutt.

- Avslutningsfest for 10.trinn onsdag 14.juni.
- 8. og 9.trinn sluttar 22.juni.

- Regjeringa sende ut høyring om endringar i ny privatskulelov. Det kom inn over 700 høyringssvar.

04/23 Foreldremøte hausten 2023.

FAU diskuterte kven som ein kunne be inn til foreldremøta til hausten 2023. FAU ynskjer ikkje at ein fortset samarbeidet med «Sterk og klar» eller ber inn «Barnevakten». Dei ynskjer i staden at ein ber inn SLT koordinatorene i Hå og lager til eit opplegg rundt dette med Ungdom og RUS på Jæren.

05/23 Strategisk plan 2022- 2025

FAU vart orientert om den strategiske planen som skulen har laga. Den seier noko om kva skulen ynskjer å arbeida med i dei neste åra.

Nokre av temaa som er nemnde er:

- Betre læringsstøtte og meir elevengasjement
- Dysleksi
- Inkluderande fellesskap

06/23 10.klassefest 14.juni 2023.

FAU representantane for 9.trinn fekk i oppdrag å skaffa folk og kaker til 10.klasse festen som skal vera 14.juni.

05/23 Eventuelt.

- Har skulen beredskapsplan for kva ein gjer om ein får ekstremvêr? Skulen har ikkje nokon slik plan.

Referent: Tron- Arild Grødem

Kopi:

Jan Gunnar Mattingsdal, vara 8.trinn

Sigurd Høyland, vara 9.trinn

Mari Kristiansdottir, 10.trinn